



Søndag vert Julagrano tend(Arkivfoto: Veslemøy Haugland)

Søndag er det 1. søndag i advent, og det ligg til rette for ein fin førjulssøndag i Uskedalen. Då er det først lysmesse i kyrkja før den flottaste julegrana i mils omkrins vert tend for 57. gang. Lysmessa er kl.16, og julegrantenninga vert umiddelbart etter gudstenesta, kl.17.



Reidar Adnanes leia også konfirmantane i inngangsprosjjonen under lysmessa for 3 år sidan.

Under lysmessa vil konfirmantane som no er godt i gang med førebuingane sine, delta. Prest vert Reidar Adnanes som nyleg hadde si siste gudsteneste som sokneprest i Husnes og Holmedal sokn. No går han over i teneste som prostiprest. I åra han var sokneprest i nabosoknet, har han også vore i teneste her i Uskedalen, og han er blitt ein kjær og omtykt prest her i bygda. Ved orgelet under lysmessa sit kantor Eva Megyesi, aktivumet som har tilført musikklivet her mykje.

Rett etter gudstenesta vert det julegrantenning. Det er eit samarbeidsarrangement mellom Uskedal musikklag og Uskedal utvikling. Alt torsdag var Knut Steinsletten, Lars Myklebust og Ståle Eik på plass og pynta grana med dei nye lyslekkjene som er kjøpt inn etter at laget fekk ei flott gåve frå Sparebank1stiftinga Kvinnherad. Før dette har trioen brukt fleire økter til monteringsarbeid. I dette arbeidet var også Svein A. Sunde med.

Som dei 56 føregåande åra spelar Uskedal musikklag julemusikk ved tenninga. Etter at musikklaget har spelt siste tonen, og Børsdalsnissen forhåpentlegvis har kome med pakkar til barna, vert det kafè med mykje godt i Gamleskulen. Der er det russen som står for serveringa, og dei har garantert mykje godt å by på!

Nytt av året er det at det vert julerebus med kjekke oppgåver som sjølv sagt har med jula å gjera. Løypa går ned kyrkjevegen, vegen bort stranda til skulen, opp til hovudvegen og tilbake til Gamleskulen. Hugs refleksvest!



Børsdalsnissen er alltid populær(Arkivfoto: Ola M. Mathisen)

Kl. 17.30 er Børsdalsnissen klar til innsats igjen. Då dukkar han opp i kjellaren i Gamleskulen, og der vil han syngja og snakka om jula med borna. Der trur eg det vert mange spente og blide born og ein nisse i toppform!

Med dette programmet vert det heilt sikkert god julestemning i bygda denne adventskvelden. Dette bør verken born eller vaksne gå glipp av!!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Veslemøy Haugland, Ola Matti Mathisen og Thor Inge Døssland